

Fra: Heidi Hansen [mailto:hh@nordplan.no]

Sendt: 9. mars 2010 14:16

Til: post@mrfylke.no; postmottak@fmmr.no; postmottak@alesund.kommune.no; post@giske.kommune.no; postmottak@haram.kommune.no; firmapost-midt@vegvesen.no; rv@nve.no; postmottak@fiskeridir.no; post@kystverket.no; post@alesund.havn.no; bergens-sjofartsmuseum@bsj.uib.no; alesund@naturvern.no; frifaa@online.no; forsvaret@mil.no

Kopi: Kjell Sandli; Roger Holgersen; Ola Forren Sørensen

Emne: OPPSTART AV PLANPROGRAM FOR HAMNSUNDSAMBANDET

Denne e-posten vert sendt til aktuelle samarbeids- og høyringspartar.

Nordplan as har fått i oppdrag å utarbeide planprogram for vegprosjektet - Hamsundsambandet. Vi varslar med dette om at arbeidet vert starta og inviterer partane til å kome med innspel.

Vegprosjektet er planlagt etablert med bruer og fyllinger frå Hamnsund til Store Kalvøy i Haram kommune og vidare sørover mot Ålesund, anten via undersjøisk tunnel til Skjong i Giske kommune eller Ellingsøy i Ålesund kommune. Det er utarbeidd ein hovudplan for prosjektet i 1988 og i 2007 er det gjort ei eiga vurdering av mogleg tilknytning via Valderøytunnelen. Informasjon om sambandet ligg under www.hamnsundsambandet.com

Som del av planprogrammet skal det utarbeidast eit forprosjekt for aktuelle påhoggspunkt på Ellingsøya, Giske og Store Kalvøy, samt tilkoplingspunkt i Hamnsundet. Vi vil sjekke ut om det fins alternative område ut over dei som har vore vurdert tidlegare. Synfaring og møte med kommunane vil bli gjennomført når vi har funne aktuelle påhoggsområde. Eventuelle behov for møte med dei ulike høyringspartane vil bli vurdert under vegs i arbeidet.

Vi ønskjer opplysning og tilbakemelding om følgjande:

- kontaktperson hjå dei ulike høyringsinstansane
- innspel/synspunkt i forhold til tidlegare planar om påhoggspunkt
- eventuelt forslag til påhoggspunkt
- informasjon om pågåande planar og byggearbeid eller andre forhold som kan ha konsekvensar for planarbeidet .

Dersom de har spørsmål i høve saka kan de ta kontakt med underteikna som er prosjektleiar for prosjektet. Til orientering kan eg opplyse om at ingeniørane Roger Holgersen og Ola Forren Sørensen er prosjektmedarbeidarar.

Eg ber om tilbakemelding så snart som råd og seinast innan 30. mars.

Med helsing
Heidi Hansen
Samfunnsplanleggar

<mailto:hh@nordplan.no>
Nordplan AS -Ålesund
Apotekergata 9A

6004 Ålesund
mob 92 85 78 09
tlf 57 88 55 26
fax 57 88 55 21

www.nordplan.no